

Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER
postmottak@radoy.kommune.no

Telefon
+47 56 57 00 70
Fax
+47 56 57 00 71
E-postadresse
post@abo-ark.no
Webadresse
www.abo-ark.no
Postadresse
Postboks 291, 5203 Os
Besøksadresse
Hamnevegen 53, 5200 Os

Os, den 19.12.2014

Vår ref: AU-JoSEPP-00018-006

AUSTRHEIM- OG LINDÅS KOMMUNE
DETALJREGULERING FOR JOHAN SVERDRUP OLJERØYRLEIDNING FRÅ
BERGSVIKHAMN TIL MONGSTAD

UTVIDING AV PLANOMRÅDET – FOR GANG- OG SYKKELVEG LANGS
MONGSTADVEGEN

Det vert vist til tidlegare kunngjering om offentleg ettersyn av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid. Dette vart kunngjort med brev til grunneigarar og offentlege etatar 16.09.2014 og annonsert i avisa Strilen 18.09.2014. Med bakgrunn i innspel til oppstart av planarbeid og samkjøring med Statens vegvesen sitt pågåande planarbeid for gang- og sykkelveg langs Mongstadvegen, vert det varsla utviding av planområdet for del av Fv57 mot Mongstadkrysset. Det vert med dette kunngjort for råka grunneigarar og offentlege etatar.

Reguleringsplanen vert utarbeidd av ABO Plan og Arkitektur AS på vegne av Statoil Petroleum AS.

Endeleg planprogram er godkjent i møte 10.12.2014 i Austrheim kommune og i møte 11.12.2014 i Lindås kommune.

Etter at planprogrammet vart innsendt, har ABO på vegne av Statoil Petroleum satt i gang utarbeiding av reguleringsplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing.

Når reguleringsplanen med konsekvensutgreiing er ferdig utarbeidd vil planforslaget bli 1. gongs handsama i Austrheim- og Lindås kommune. Planforslaget vil så bli lagt ut til offentleg ettersyn jf. § 12-10 i plan- og bygningslova. Det vil da vere mogleg å kome med innspel og merknader til det utarbeidde planforslaget.

Frist for innspel til varsel om utviding av planområde er sett til **23.01.2015**. Innspel og merknader skal framsettast skriftleg og sendast til:

ABO Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 Os
eller
e-post: offentleg.ettersyn@abo-ark.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av uttalar til Austrheim- og Lindås kommune. Dette vil ABO Plan & Arkitektur AS ivareta i samband med innsending av planforslaget.

For nærare informasjon og spørsmål kan dette rettast til:

ABO Plan & Arkitektur AS

v/ Arne Kristian Kolstad

e-post: arne@abo-ark.no

tlf: 56570070

mobil: 95721101

På heimesida: www.abo-ark.no – under Nabovarsler – Reguleringsplaner/Høringer er det tilgang til digitale kartutsnitt, forslag til planprogram og utlysningsteksten.

Med helsing

ABO Plan & Arkitektur AS

Arne Kristian Kolstad

Vedlegg:

Kart over planområdet